

# Styrevervregister for Fjaler kommune

## Lokalt reglement

### § 1 Registrering av styreverv og økonomiske interesser m.m.

Fjaler kommune har vedteke å inføre registrering av styreverv, økonomiske interesser og liknande for medlemmer av kommunestyret, kontrollutvalet og den faste byggenemnda. Registeret skal også omfatte rådmannen og andre administrative leiarar og tilsette med innstillingsrett eller vedtaksmynde i einskildsaker.

### § 2 Innhald i registeret

- 2.1 Styreverv i offentlege/privat eigde selskap /datterselskap.
- 2.2 Styreverv i interesseorganisasjon eller organisasjon som tek imot økonomisk støtte frå kommunen.
- 2.3 Lønna arbeid/konsulentoppdrag som kjem i tillegg til vervet som folkevald eller tilsett i kommunen.
- 2.4 Næringsinteresser, fast eigedom, større aksjepost/eigardel o.a.

### § 3 Føring og vedlikehald av opplysningane i registeret

- 3.1 Registreringa skal gjerast seinast ein månad etter at kommunestyret har konstituert seg. Administrative leiarar og tilsette med innstillingsrett eller vedtaksmynde skal registrerast seinast innan ein månad etter at samtykke er gitt.
- 3.2 Registreringa skal gjerast av den personen kommunen peikar ut som kontaktperson overfor KS. Registreringa vert gjort i samsvar med rettleiing frå KS.
- 3.3 Registeret skal ajourførast to gonger pr kalendeår i samsvar med KS sine rutiner.
- 3.4 Registrerte opplysningar er basert på samtykke frå den einskilde og er offentleg tilgjengelege gjennom [www.styrevervregisteret.no](http://www.styrevervregisteret.no)
- 3.5 Dei registrerte kan til ei kvar tid velje å slette sine opplysningar i registeret. Opplysningar om ein registrert person vil automatisk bli sletta etter fire år dersom det ikkje er registrert ajourføring av opplysningane om personen.

### § 4 Oppstarting av registeret

Desse reglane trer i kraft frå 01.11.2007. Første gongs registrering skal gjerast innan 01.12.2007.

-----

**Reglementet er vedteke i Fjaler kommunestyre 03.09.07, sak 63/07**